



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

## Kompetanse- og tenesteutviklingstilskot 2023

Tilskot til kompetansehevande tiltak og utviklingsarbeid for å styrke kommunane si evne til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet og utvikle berekraftige og gode omsorgstenester.

**Søknadsfrist: 15. mars 2023**

### Kven som kan få tilskot

- Kommunar kan søkje om midlar til kompetansetiltak og tenesteutvikling i omsorgstenestene. Kommunar kan også søkje om tilskot til kompetansetiltak innan rus og psykisk helse i helsetenestene og andre kommunale tenester (t.d. barnevern, barnehage, skule, Nav).
- Fylkeskommunen kan søkje om tilskot til kompetansetiltak innan psykisk helse og rusfeltet
- Interkommunale selskap. Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, utdanningsinstitusjonar, frivillig sektor eller andre aktørar.
- Universitet og høgskular kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, tilbod om utdanning gjennom digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til høgskule eller universitet.

### Beløpet vi skal fordele i Vestland er ikkje avklart enno.

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68 Kompetanse og innovasjon, Helse- og omsorgsdepartementet. Det er løyvd 393,7 millionar kroner i 2023 der 367,4 millionar kroner går til kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet.

### Målet med tilskotsordninga

Tilskotsordninga inngår i [Kompetanseløft 2025](#) og [Opptappingsplan for heldid og god bemanning i omsorgstjenesten](#). Kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet skal sjåast i samanheng med Kommunal- og distriktsdepartementets skjønstilskotsordning.



Målet med ordninga er å bidra til å redusere mangelen på personell med relevant fagutdanning i omsorgstenesta og legge til rette for ei berekraftig omsorgsteneste.

Midlane skal bidra til at kommunane set i verk kompetansehevande tiltak og utviklingsarbeid ut frå lokale føresetnader og behov, i tråd med [tillitsreforma](#). Vidare skal midlane bidra til at kommunane organiserer tenester, oppgåver og ansvar på ein måte som sikrar best mogleg utnytting av tilgjengeleg personell og kompetanse. Strategisk kompetanseplanlegging er ein viktig føresetnad for dette arbeidet.

### Tildelingskriterium

- A. Det kan gjevast tilskot til følgjande **kompetansetiltak**:  
utdanning på vidaregåande nivå/ fagbrev (helsefagarbeidar mv.), medrekna kvalifisering av tilsette utan formell fagutdanning, fagskuleutdanning, bachelorutdanning i helse- og sosialfag, vidareutdanning, mastergradutdanning og ABC-opplæring.
- B. Det kan gjevast tilskot til opplæring om **brukarstyrt personleg assistanse (BPA)**.  
Opplæringa av arbeidsleiarar, saksbehandlarar og assistentar skal vere i tråd med opplæringsplan/kompetanseplan.
- C. Det kan gjevast tilskot til **tenesteutviklingsprosjekt**.  
Søknaden må mellom anna innehalde opplysningar om mål og målgrupper, tiltak, eventuelle samarbeidspartar, forventta effektar, leiarforankring og brukarmedverknad. Kvar kommune kan søke om maksimalt fem utviklingsprosjekt.

Oppretting og utprøving av modellar for fleksible kommunale avlastingstilbod til pårørande er eit viktig tiltak knytt til [regjeringas pårørandestrategi med handlingsplan](#). Delar av tenesteutviklingstilskotet er øyremerka til dette tiltaket.

### Vi prioriterer følgjande søknader

- grunn- og vidareutdanningar
- vidareutdanningar av høgskuleutdanna
- desentraliserte studiar
- tenesteutvikling
- søknader frå distriktskommunar

Tiltak som vert utvikla i samarbeid med næringsliv eller utdanning- og forskingsinstitusjonar vi få eit fortrinn.

### Korleis søkje og regelverk

Alle som søker om tilskot skal bruke eige søknadsskjema. Vi gjer merksam på at det er nytt søknadsskjema for 2023. [Søknadsskjema finn de på tilskotssida til Statsforvaltaren i Vestland](#).

De sender søknaden elektronisk til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

[Regelverket for tilskotet finn de på heimesida til Helsedirektoratet](#).

### Klage på vedtaket

Tildeling av- eller avslag på søknad om tilskot frå denne ordninga er eit enkeltvedtak som det er rett til å klage på, jf. forvaltingslova § 28.



### **15. mars er rapporteringsfrist for tilskot motteke i 2022**

Kommunane skal rapportere innan **15. mars 2023** på kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot som vart tildelt i 2022. Rapporteringsskjema som de skal bruke vart sendt ut saman med tildelingsbrevet i 2022. Krav til innhaldet i rapporteringa går fram av tildelingsbrevet og regelverket for ordninga.

Nye søknader for 2023 vil ikkje verte behandla før vi har motteke rapporteringa for 2022. Frist for rapportering på motteke tilskot i 2023 vil gå fram av tildelingsbrevet.

### **Overføring av ubrukte midlar frå 2022 til 2023**

Hovudregelen er at ubrukte midlar etter søknad kan overførast eitt år, altså frå 2022 til 2023. Ubrukte midlar som ikkje vert overført skal tilbakebetalast til Statsforvaltaren.

### **Revisorkontroll (vilkår for tilskot)**

Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeninga sin standard ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling".

Tilskotsmottakar må gje revisor ein kopi av tilskotsbrevet før revisorkontroll. Dersom tildelt tilskot er høgre enn kr 200 000,00 per år, men forbruket er mindre enn kr 200 000,00 per år, kan revisorstadfesting verte levert for to år av gongen.

Kravet om revisorstadfesting gjeld ikkje for samla tilskot mindre enn kr 200 000,00.

Med helsing

Linda Svori  
seksjonsleiar / ass. fylkeslege

Anne Eli Wangen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakerliste:



Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG



Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
VID vitenskaplige høgskole	Ulriksdal 10	5009	BERGEN
UiB Det medisinske fakultet	postboks 7804	5020	BERGEN